
Fra: Kusslid, Liv Astrid Nordheim <fmsflno@fylkesmannen.no>
Sendt: torsdag 12. desember 2019 14:17
Til: *FMVL Postmottak til alle kommunane 2019
Kopi: Haugsvær, Bjørn-Harald; Daniel Almhjell
Emne: Utsiktsrydding - status for handsaming av søknader 2019

Til landbruksforvaltninga i kommunane

Hausten 2019 fekk Fylkesmannen inn svært mange søknader innan utsiktsrydding (kring 130 søknader). Fylkesmannen auka då bemanninga for handsaminga av denne tilskotsordninga frå ein til tre personar. Vidare søkte vi Landbruksdirektoratet om ekstra midlar grunna den svært store søknadsmengda, då tildelte rammer på langt nær var store nok til å kunna imøtekoma alle dei innkomne søknadane. Fylkesmannen fekk diverre avslag på denne søknaden, og vi fekk såleis ingen ekstra midlar tildelt til utsiktsrydding 2019. Landbruksdirektoratet gav derimot Fylkesmannen utvida sakshandsamingsfrist til ut januar 2020.

Fylkesmannen har hausten 2019 gjennomført inndragingar av tilsaman vel 400 000 kr i gjennomgang av alle potensielle inndragingssaker innan utsiktsrydding, og desse midlane er lagt til fylkesrammene til omfordeling til nye søknader.

Grunna svært stor søknadsmengde i høve til midlar til fordeling innan utsiktsrydding, ligg det no an til at om lag 70 søknader innan utsiktsrydding 2019 får avslag. Vi har prioritert å handsama løyvingssakene, så avslagssakene vil først få svar i andre halvdel av desember og utover i januar.

Alle oppmodingar om tilskot til utsiktsrydding som er innkomne til Fylkesmannen tom 11. desember er ført til utbetaling hjå oss, og betaling i desse sakene vert såleis utført av Landbruksdirektoratet i nær framtid. Oppmodingar om utbetalingar av tilskot til utsiktsrydding som kjem inn til Fylkesmannen fom 12. desember, vil først bli ført til utbetaling av Fylkesmannen i januar.

Det kan ikkje sendast inn nye søknader om tilskot til utsiktsrydding fom 1. januar 2020, då tilskot til utsiktsrydding som tilskotsordning vart vedteke avslutta frå 1. januar 2020 i Jordbruksforhandlingane 2019. Søknader som er tildelt midlar i løyvingbrev tom søknadsomgangen 2019, får sjølvstakt fullføra tiltaka sine innan frist fastsett i løyvingbrevet. Desse har også mogelegheit til eitt års forlenging av arbeidsfristen etter søknad til Fylkesmannen.

Fylkesmannen beklagar den lange sakshandsamingstida grunna den store søknadsmengda, og vi bed kommunane informera søkarar om innhaldet i denne e-posten dersom søkarar tek kontakt med kommunen og etterlyser svar på sin søknad.

Med venleg helsing

Liv Astrid Nordheim Kusslid
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 57 64 30 87

E-post: fmsflno@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl

